

Vigslar

Frå 1. januar 2018 har følgjande roller vigselfmyndige i Volda kommune, jf. Ekteskapsloven § 12 b):

- Ordfører
- Varaordfører

Vigselstilbod

Vedtekne retningslinjer

Vedtak i kommunestyret 26.10.17:

- Den kommunale vigselfretten blir i Volda utført av ordfører eller varaordfører.
- Vigself kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselftidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigsselfaren.
- Vigself i kommunal regi finn stad på rådhuset, anten på ordfører sitt kontor eller på møterom Voldsfjorden i første etg. på rådhuset.
- Vigself i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigsselfaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.
- Det administrative ansvaret for vigsselfordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigsselfane kan finne stad innanfor verdige rammer.

For kven?

Volda kommune tilbyr vigself for alle personar som følgjer vilkåra for å inngå ekteskap i Norge etter kap. 1 i Ekteskapslova.

Kva kostar borgarleg vigself?

Å gifte seg hos oss er gratis. Dersom brudeparet har andre ynskjer utover det som er vedteke i kommunestyret må dei betale for og/eller ordne dette sjølv. Dette kan t.d. vere vigself på helg- eller høgtidsdag eller levande musikk under vigsselfen.

Vigsselflokale

- Møterom Voldsfjorden
- Ordføreren sitt kontor

Dersom brudeparet ønskjer vigself i anna lokale, eller ute, må dette avtalast på førehand. Kostnader til dette må dekkast av brudeparet sjølv.

Førebuing til vigself

Informasjon om vigself finn du på kommunen sin nettstad.

Prøvingsattest

Før brudeparet kontaktar kommunen for å avtale vigself må dei innhente prøvingsattest frå folkeregisteret. Denne er gyldig i fire månadar. Når prøvingsattest ligg føre kan brudeparet kontakte

kommunen jf. ekteskapsloven § 14 fyrste ledd jf. § 10. Ver ute i god tid før bryllaupet, sidan skatteetaten ofte har ei handsamingstid på 2-3 veker.

Om brudeparet planlegg vigsel lenger fram i tid, kan de ta kontakt utan at prøvingsattest ligg føre. De må då huske at attesten må vere klar til vigselen skal skje, og levert kommunen i god tid før vigselsdato.

[Avtale dato og vigsel](#)

Det er servicekontoret som mottek førespurnad frå brudepar som ønskjer kommunal vigsel. Det skal søkast via elektronisk skjema.

Brudeparet foreslår ønska dato og klokkeslett for vigsel.

Servicekontoret avtalar tidspunkt med vigsjar og tingar lokalet. Brudeparet får så tilbakemelding på fastsatt vigsler og tidspunkt.

[Klargjering av vigselslokale](#)

Så lenge eit av dei to lokala som kommunen tilbyr til vigsel vert nytta, er det kommunen som gjer klar lokala. Pynt m.m. utover det kommunen tilbyr, må brudeparet ordne sjølv.

Dersom vigsel skal finne stad i anna lokale, eller ute, må brudeparet sjølv sørge for å få satt dette i stand.

[Gjennomføring av vigsel](#)

[Sermonien](#)

Brudefolk, forlovarar og gjestar bør møte opp 10-15 minutt før avtalt tid for vigsel. De må vente utanfor seremoniromet til de vert vist inn.

Når seremonien er over underteiknar de, vitnar og vigsjaren vigselsprotokollen.

Om de har ringar som skal utvekslast settast dei på når vigsjaren har erklært dykk som ektefolk. Vigsjaren seier frå når ringane kan utvekslast.

[Vitne](#)

To vitne må vere til stade under seremonien, jf. Ekteskapsloven § 11 andre ledd. Dette kan vere trulovavarar eller to andre myndige personar.

[Legitimasjon](#)

Brudefolket skal legitimere seg for vigsjar før vigsel vert utført.

[Borgarleg vigselsformular](#)

Vigsjar skal lese opp det borgarlege vigsselformularet under seremonien.

Seremonien kan passast til med f.eks. tekst og musikk ut over dette, om brudeparet ønskjer det. Det må i så fall avklarast med kommunen og vigsjar i god tid før dato for vigsel.

[Språk](#)

Om ein av dykk er framandspråkleg, må de på førehand avtale kva språk som skal brukast under seremonien. Vigselen kan skje på norsk eller engelsk. For andre språk må de sjølv sørge for tolk.

[Melding om vigsel](#)

Prøvingsattesten frå folkeregisteret utgjer også melding om vigsel og vigselsbok. Skjemaet sin del «Melding om vigsel» skal fylles ut av vigsjar. Brudeparet og vitna skal underteikne melding om vigsel.

Vidare oppfølging og arkivering

Mellombels vigselstest til brudeparet

Stadfesta kopi av utfylt og signert vigselbok vert sendt til ekteparet pr. post fyrste verkedag etter vigsel. Dette er dykkar mellombelse vigselattest.

Registrering av vigsel hos folkeregisteret

Stadfesta kopi av utfylt og signert vigselbok vert sendt til folkeregistermynde seinast tre dagar etter vigsel. Folkeregistermynde vil så sende ut endeleg vigselattest til brudeparet.

Arkivering av dokumentasjon

Dokumentasjon som skal arkiverast i kommunen sitt sak-/arkivsystem:

- Søknad om vigsel
- Utfylt og signert vigselbok
- Utfylt og signert skjema for detaljar rundt vigsel
- Utgåande brev som dokumenterer hendinga i pkt. 2.7.1 og pkt. 2.7.2 over.
- Dokumenta vert unnateke offentleg innsyn.

Visning til lover

- Ekteskapsloven
- Forskrift om kommunale vigslar
- Rundskriv Q-11/2017 – Kommunale vigslar